



Sidsel Styve  
Helleåsen 41  
5915 HJELMÅS

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1053 - 19/13094

Saksbehandlar:  
Ingrid Bjørge Pedersen  
Ingrid.Bjorge.Pedersen@lindas.kommune.no

Dato:  
26.04.2019

## Førerels svar på søknad om garasje - gbnr 202/118 Hjelmås

Tiltak: Garasje med loft  
Byggjestad: Gbnr: 202/118  
Tiltakshavar: Sidsel Styve  
Ansvarleg søker:

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 11.04.2019 og saka har saksnummer 19/1053.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sett i plan- og bygningslova med forskrifter.  
Dersom det er trøng for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurdi i eige brev.  
Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 og byggesakforskrifta kap. 7.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søker/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesakforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesakforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesakforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-3, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og	12 veker



bygningslova § 21-5.	
<p>Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-2 og 20-3, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje ligg føre merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig.</p> <p>Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.</p> <p>For søknad om løyve til tiltak etter § 20-4 gjeld 3 vekersfristen uavhengig av om det ligg føre merknader frå naboar/tverrbuarar. Løyve vert rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.</p>	3 veker
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
<p>Søknad om ferdigattest der komplet søknad er sendt inn.</p> <p>Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.</p>	3 veker
<p>Søknad om mellombels bruksløyve, der komplet søknad er sendt inn.</p> <p>Byggverket kan ikkje takast i bruk dersom fristen ikkje er halden.</p>	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

### Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Mottakarar:

Sidsel Styve

Helleåsen 41

5915

HJELMÅS